

DEL 3:

FORVALTNING AV KULTURMILJØ



Foto: Ann Steindal

HOVUDMÅLSETTING:

Verdskulturminnet Bryggen er av universell verdi og skal sikrast for framtida. Forvaltninga av kulturmiljøet skal legge til rette for alle relevante organisatoriske og tekniske tiltak.

3:1 SIKRING

MÅLSETTING:

Verdskulturminnet Bryggen skal ha dei beste tekniske og organisatoriske løysingar i høve til brannsikring. Dette vil seie at tilhøva skal leggest til rette slik at krav i Brann og eksplosjonsvernloven §5-9 skal kunne etterlevast.

3:1:1 Brannsikring

Sprinklar og overrislingsanlegg

Alle bygningane i Verdskulturminnet er utstyrt med sprinklaranlegg. Sensorane i sprinklaranlegget vert utløyst ved ein temperatur på om lag 70 grader celsius og brannvesenet vil då få direkte melding. Det er overrislingsanlegg på alle bygningar på med unntak av bygningane bak Bryggestredet. Overrislingsanlegget må koplust til manuelt.

Det er Stiftelsen Bryggen som har det daglege tilsynet og vedlikehaldet av sprinklar og overrislingsanlegget. Det er inngått avtale mellom Stiftelsen Bryggen og det godkjende sprinklarfirmaet Sprinkler Vest om årleg kontroll av anlegget.

Manuelt Brannsløkkingsutstyr

Det er utplassert brannsløkningsapparat, pulverapparat, på lett tilgjengelege og synlege stadar i alle dei freda bygningane på Bryggen. Alle som oppheld seg på Bryggen skal få orientering om kvar brannsløkningsapparat er plasserte i dei enkelte bygningane og om korleis dei skal brukast. Det i tillegg til pulverapparat plassert ut brannslangar enkelte stadar på Bryggen.

Automatisk brannalarmanlegg

Det er montert brannalarmanlegg med direkte tilknytning til brannvesenet i følgjande gårder:

- Bredsgården bygning II-e (heile huset)
- Bredsgården bygning I-d (heile huset)
- Bredsgården bygning II-c (1. og 2. etg.)
- Bredsgården bygning I-e (heile huset)

- Nordre Svendsgård bygning IV-f (heile huset)
- Søndre Svendsgård bygning V-e (heile huset)
- Nordre Svendsgård bygning IV-i (Bryggen Tracteursted)
- Søndre Svendsgård bygning V-g (Bryggen Tracteursted)
- Søndre Svendsgård bygning V-h (Bryggen Tracteursted)

Det er inngått avtale mellom Stiftelsen Bryggen og Bergen Brannvesen om automatisk brannalarmanlegg i ovanfor nemnde bygg.

Bergen Brannvesen forpliktar seg å sette i gong naudsynt slokking so snart som mulig etter å ha motteke alarm.

Huseigar forpliktar seg til å halde alarmutstyret i orden til ei kvar tid, jfr § 89 Plan og bygningsloven. Det er inngått ei serviceavtale med firmaet ABB om årleg kontroll av utstyret.

Heile Enhjørningsgården er også utstyrt med automatisk brannalarmanlegg. Dette melder direkte til Securitas når alarman vert utløyst.

Stiftelsen Bryggen har det daglege tilsyn og vedlikehald av både overrisling, sprinklar automatisk brannalarmanlegg og manuelt brannslukningsutstyr. Kontaktperson i Stiftelsen Bryggen er Pål Gangstøe tlf 47 01 58 35.

Bryggen fekk sprinkleranlegg allereie på midten av 60-talet. I 2003 vart anlegget evaluert av BT brannteknikk som gav anlegget gode skussmål trass høg alder og komplisert bygningsmasse. Det vart funne få områder med totale manglar eller som hadde for dårleg sprinklerdekning. Dette skuldast, i følgje BT-brannteknikk, grundig planlegging når anlegget vart bygd og god oppfølging av anlegget gjennom dei ombyggingar og restaureringar som har vore gjort.

Som ei oppfølging av evalueringa av sprinkleranlegget vart Skansen Consult i 2004 engasjert for å foreta ei risikoanalyse for Bryggen. Målet med denne analysen er at ein skal få ei objektiv vurdering på om dagens sikringstiltak er gode nok, kva retning skal framtidige sikringstiltak ta, kva er rett prioritering og om dagens rutiner er gode nok. Arbeidet med risikoanalysen vil bli avslutta i 2005 og skal munne ut i ein rapport med prioritert liste over konkrete tiltak.

Tiltak/retningslinjer	Ansvarleg	Tidsramme
<p>Risikoanalyse.</p> <p>For å sikre maksimal tryggleik skal det gjennomførast ei risikoanalyse. Ei objektiv evaluering av eksisterande tekniske og organisatoriske tiltak og vurdere korleis desse kan forbeistrast. Rapport med tiltaksplan.</p>	Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen	Innan 2006
<p>Informasjon</p> <p>Informasjon til huseigarar om ansvar, rettar og plikter i forhold til Plan og Bygningsloven § 89</p>	Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen	Innan 2006
<p>Kontroll</p> <p>Rutiner for vekevisse og månadlege kontrollar av alle ventilrom , alarm-klokker og varsling til Brannvesenet.</p> <p>Årleg kontroll av heile sprinklaranlegget utført av Stiftelsen Bryggen sin brannvernleiar saman med representant for brannvernforeningen. Stiftelsen Bryggen sender ut evt.skriftleg pålegg til leigetakarar og brukarar.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Vedlikehald</p> <p>Kontinuerleg vedlikehald og fornying av delar til ledningsnett, ventilrom med utstyr, alarmanlegg og elektronikk.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Drift</p> <p>Protokollføring av kontrollar, vedlikehald og branntilløp. Organisere inspeksjonar og instruere mannskap i Bergen Brannvesen. Utarbeiding av kart og oversikter til Brannvesenet. Ansvar for nøklar . Kontakt med Brannvesen ved utkobling.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Brannvernleiar for Bryggen.</p> <p>Ein tilsett i Stiftelsen Bryggen fungerer som brannverleiar og sentral kontaktperson for heile Bryggen. Brannvernleiaren vert oppdatert mellom anna gjennom kurs i regi av Brannvernforeningen. Alle huseigarar skal ha brannvernleiarar for sine bygningar.</p>	Stiftelsen Bryggen Bryggen Private Gårdeierforum	Kontinuerleg
<p>Brannøvingar</p> <p>Stiftelsen Bryggen organiserer og gjennomfører brannøvingar både for egne leigetakarar og for leigetakarar hjå dei private gårdeigarane.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Branninstruksar</p> <p>Stiftelsen Bryggen organiserer og monterer branninstruksar i alle Bygningar på Bryggen.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Brannslukningsapparat</p> <p>Stiftelsen Bryggen monterer og kontrollerer brannslukningsapparat i alle bygningar untatt dei som er eigd eller leigd av Olav Thon.</p>	Stiftelsen Bryggen / Olav Thon Shopping.	Kontinuerleg

3:2 VEDLIKEHALD OG DRIFT

MÅLSETTING:

Verdskulturminnet Bryggen skal ha faste vedlikehaldsrutinar for alle delar av kulturmiljøet. Alle delar av bygningsmiljøet skal haldast vedlike slik at dei kulturelle verdiane kan oppretthaldast med minst mulig inngrep. Eit jamt og kontinuerleg vedlikehald er den grunnleggande og beste form for vern.

RETNINGSLINJER:

Etter kulturminnelova §15a og §20 tredje ledd kan forvaltningsmyndigheita ved Bergen Kommune i særskilte tilfelle gje løyve til tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda området. Ønskjer eigar å utføre tiltak eller arbeid som går utover vanleg vedlikehald krev dette melding til forvaltningsstyresmakta i god tid før arbeidet er tenkt påbyrja. Er det tvil om tiltaket er å rekne som vanleg vedlikehald, skal også forvaltningsstyresmakta kontaktast. Det er opp til forvaltninga å avgjere om det aktuelle arbeidet skal reknast som vedlikehald eller inngrep som krev dispensasjon.

I saker der det må søkjast dispensasjon skal søknaden også innehalde teikningar, kartmateriale og foto som forklarar omfanget av tiltaket og korleis det er tenkt utført. Vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon må forankrast i ei heilskapleg vurdering forankra i bygningen som kulturminne vurdert opp mot det eventuelt samfunnsnyttige i dispensasjonen. Vilkår for å gje dispensasjon må gå tydeleg fram i dispensasjonsvedtaket frå forvaltninga.

Det skal sterke grunnar til å gje dispensasjon, og det skal vanlegvis ikkje gjevast dispensasjon utover det som trengst for å halde bygningen i stand. Er det gjeve dispensasjon til å foreta ei endring i bygningen, kan det frå styresmakta verte sett vilkår som gjer arbeidet dyrare. Etter kulturminnelova §15a kan eigar søkje om heilt eller delvis vederlag for eventuelle utgiftsauke. Dersom tiltaket krev løyve etter plan og bygningslova, skal løyve etter kulturminnelova ligge føre før arbeidet vert sett i gong etter plan og bygningslova.

Det må ikkje settast i verk tiltak som på nokon måte kan skade den automatisk freda grunnen utan at det er gjeve løyve etter §8 i kulturminnelova. Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne, jfr§3 i kulturminnelova.

Alt vedlikehold som vert utført skal følgje prinsippa gjeve i:
“Principles for the Preservation of Historic Timber Structures”

Den største trusselen for trekonstruksjonane på Bryggen, nest etter brannfaren, er problema med råte og nedbryting. Ferskvatn og fukt er, som kjent, med på å aksellerere nedbrytingsprosessane og må kontrollere best mulig. Overflatevatn på avveggar har ført til store råteskader både i veggjar og tømra bolverksfundament som igjen har ført til tap av store antikvariske verdiar og svært omfattande istandsettingsarbeid. Det er difor viktig at alle huseigarar er spesielt merksame på vedlikehold av dreneringssystem for takvatn og overflatevatn.

Tiltak/retningslinjer	Ansvarleg	Tidsramme
Reinhold og kontroll av fellesareal. Reingjering, kosting og spyling av alle indre fellesareal eksl. Enhjørningsgårdens passasje, den stengde nedre del av Svensgårdens passasje og mellom dei to nedre og to øvre bygningar i Holmedalsgården. Reinhold og vedlikehold av brønnen i Bryggestredet.	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
Generelt oppsyn med fellesarealer Oppsyn og rapportering til kommunale organer eller private gårdeigarar ved forhold som krev tiltak.	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
Felles belysning Stiftelsen Bryggen har ansvar for oppsetting av armaturer og vedlikehold i alle fellesareal eksl. Enhjørningsgårdens passasje, den stengde nedre del av Svensgårdens passasje og mellom dei to nedre og to øvre bygningar i Holmedalsgården	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
Kontroll av gjerder og porter.	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
Snømåking, salting og strøing. Stiftelsen Bryggen har ansvar for snømåking, salting og strøing i alle fellesareal eksl. Enhjørningsgårdens passasje, den stengde nedre del av Svensgårdens passasje og mellom dei to nedre og to øvre bygningar i Holmedalsgården.	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
Kontroll med bestanden av vilkattar. I samarbeid med Dyrebeskyttelsen.	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
Flagging. På offentlige flaggdagar har Stiftelsen Bryggen ansvar for flagging i fronten. Også frå nokre private sjøstuer.	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg

<p>Kontroll og tømning av container.</p> <p>Dette gjeld heile Bryggen eksl. Enhjørningsgården og Thon's eigedom i Svendsgården.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Kontroll av fellesarealer og bortkjøring av boss.</p> <p>Oppsamling og bortkjøring av boss/lausøyre/innreiing som ikkje kan identifiserast på alle areal eksl Enhjørningsgårdens passasje, den stengde nedre del av Svensgårdens passasje og mellom dei to nedre og to øvre bygningar i Holmedalsgården.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Oppsetting og kontroll av boskorger.</p> <p>Gjeld alle område eksl Enhjørningsgårdens passasje, den stengde nedre del av Svensgårdens passasje og mellom dei to nedre og to øvre bygningar i Holmedalsgården.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Rapportere manglande vedlikehald.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Administrasjon av låsing og kontroll.</p> <p>Avlåsing av alle indre fellesarealer eksl Enhjørningsgårdens passasje, den stengde nedre del av Svensgårdens passasje og mellom dei to nedre og to øvre bygningar i Holmedalsgården.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Vakthald.</p> <p>Organisere vakthold ved vaktelskap på bryggen etter behov. Helg , kveld og natt.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Kontakt med ordensstyresmakter.</p> <p>Stiftelsen Bryggen tek kontakt med Bergen Politikammer ved behov for forsterka partuljering av området rundt Bryggen</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Nøkkelsystem</p> <p>Stiftelsen Bryggen er ansvarleg for nøkkelsystem for portar på heile Bryggen. Bestilling og sliping av nøklar.</p>	Stiftelsen Bryggen	Kontinuerleg
<p>Vedlikehald av dreneringssystem for overflatevatn og takvatn</p>	Huseigarar	Kontinuerleg

3:3 I STANDSETTING

MÅLSETTING:

Arbeidet med bevaring av bygningane vil vere ein kontinuerleg prosess der målet, i tillegg til å halde kulturminnet ved like på ein forsvarleg måte, er å ta vare på kunnskapen om tradisjonelle materialkunnskapar, handverksteknikkar og produksjonsmetodar.

Bryggen skal rustast opp til eit nivå der ein kan halde fram skjøtselen med vanleg vedlikehald. Dette vil seie at dei planlagde og godkjende tiltaka skal utførast etter høgste antikvariske krav, som døme på restaurering og i samråd med styresmaktene for kulturminnevern.

3.3.1 Handverk

Dei handverkshistoriske verdiane ligg på fleire plan i verdskulturminnet Bryggen. Dei spor ein finn etter handverk i dei ulike bygningsdelane er av stor verdi for forståinga av dei handverk som var involvert i sjølve reisinga av bygningane på Bryggen og i vedlikehald av desse. Både dei ståande bygningane og det arkeologiske materialet har spor i seg som gjer at vi kan seie noko om materialkvalitet, byggeskikk og verktøybruk både før og etter gjenreisinga etter brannen i 1702.

RETNINGSLINJER:

Restaureringsarbeidet på Bryggen har i fleire år vore praktisert ut frå same konsept som nemnt ovanfor jf. "The Venice charter", "Nara Document on Autenticity" og "The Principles for Preservation of Historic Timber Structures". Dette vil seie at ein i alle istandsettingsoppgåver, so langt som råd er, nyttar material og handverksteknikk som er i samsvar med identiteten til dei delane ein reparerer.

Denne praksisen genererer også andre aktivitetar i regionen i høve til skogbruk, materialhandtering, og tilverking av verktøy. I NOU 2002:1 vert det peika på behovet for å halde ved like kunnskap og å oppretthalde og sikre kvaliteten på alle handverksfag som alle aktørane på kulturminnefeltet er avhengige av: "Praktisk utprøving, for eksempel gjennom eksperiment, er av stor betydning for å finne fram til gamle håndverkstradisjoner som ikke lenger er i bruk"

Bryggen i Bergen har eit stort potensiale når det gjeld bevaring av og forskning på tradisjonelle handverk. Ein restaureringsprosess der ein kopierer tradisjonell handverksteknikk, verktøybruk, byggeteknikk, og materialbruk er ein rik kjelde til ny forståing. I pilotprosjekta i Prosjekt Bryggen har ein lagt vekt på å hente inn kunnskap om tradisjonelle handverk ved å hente inn tradisjonsberarar i prosessen der dette er muleg.

For å tilegne seg kunnskap kring sjølve handverket er denne restaureringsprosessen ein føresetnad. Handlingsboren kunnskap er ikkje konkret, men eksisterer berre når den blir aktualisert i skapings og produksjonssituasjonar. Det er difor viktig at alle istandsettingsprosjekt skjer ut frå denne overbygninga og at ein i nye prosjekt søker å avdekke stadig ny kunnskap.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsramme
Pilotprosjekt. Istandsetting av bygning 4-e	Prosjekt Bryggen/ Stiftelsen Bryggen	Ferdig 2005
Pilotprosjekt. Istandsetting av bygning 5-e	Prosjekt Bryggen/ Stiftelsen Bryggen	Ferdig 2005
Nytt pilotprosjekt i Holmedalsgården 8-a	Prosjekt Bryggen/ Stiftelsen Bryggen	Ferdig 2008
Kvalitetsikring Det må utarbeidast ei ordning for kvalitetssikring av alt vedlikehald og istandsettingsarbeid på Bryggen. Handverkarar som skal arbeide på Bryggen må kunne dokumentere at dei har nødvendig kompetanse. Ei slik godkjenningsordning bør ligge under Byantikvaren.	Prosjekt Bryggen / Byantikvaren / Stiftelsen Bryggen	Innan 2006
Konferanse om bevaring og tradisjonshandverk Arbeidsoppgåvene i samband med istandsettingsarbeidet på Bryggen har gjeve fagmiljøet eit høgt kunnskapsnivå om tradisjonelle handverk. Innhenting av kunnskap i andre fagmiljø samt bruk av tradisjonsberarar er ein viktig del av bevaringsarbeidet og tradisjonshandverkutviklinga på Bryggen	Prosjekt Bryggen/ Stiftelsen Bryggen	Innan 2006

3:3:2 Dokumentasjon

Alle tiltak, endringer og inngrep som vert gjort på Bryggen skal dokumenterast før under og etter operasjonen. Dokumentasjonen skal innarbeidast som ein fast del av eitkvart tiltak der tilstanden før, under og etter tiltaket vert fotografert, målt opp og skildra. Bygningsdelar som skiftast ut skal, der dette er mulig, takast vare på for ettertida.

Dokumentasjonen skal inngå i eit sentralarkiv. Det skal også lagast kopi av dette materialet som skal oppbevarast utanfor sentralarkivet.

Det eksiterer oppmålingsteikningar, arbeidsteikningar og fotodokumentasjon for dei fleste av tiltaka gjennomført av Stiftelsen Bryggen. Gjennomgåande dokumentasjon av tiltak, dvs med oppmålingsteikning, arbeidsteikning, foto og rapport har ein frå ca 1995 og utover.

I Stiftelsen Bryggen sitt arkiv er ein no i gang med å bygge opp ein database for dokumentasjon av Bryggen. Det meste av dokumentasjonsmaterialet frå bevaringsarbeidet ligg Stiftelsen Bryggen sitt arkiv og det vil difor vere naturleg at Stiftelsen Bryggen er den institusjonen som tek vare på og organiserer dokumentasjonsmaterialet. Stiftelsen Bryggen har ikkje tilfredstillande oppbevaringslokale for originalmateriale og må baserast på oppbevaring av kopiar. Originalmateriale må oppbevarast på egna stad t.d ved Lokalhistorisk Arkiv ved Byarkivet.

I mange byggesaker på Bryggen vert det ikkje tiltaket tilstrekkeleg dokumentert. Difor er det viktig å prioritere kvalitetsikring og dokumentasjon av tiltak.



Foto: Arild Sævi

Tiltak/retningslinjer	Ansvarleg	Tidsramme
<p>Retningslinjer</p> <p>Utarbeide retningslinjer for utarbeiding av dokumentasjon ved tiltak på Bryggen.</p>	<p>Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen</p>	<p>Innan 2006</p>
<p>Sikring</p> <p>Kopiere og sikre eksisterande dokumentasjon. Avtale med sentralt arkiv for sikker oppbevaring av original dokumentasjon.</p>	<p>Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen/ Bergen Byarkiv</p>	<p>Innan 2007</p>
<p>Kartlegging av originale bygningsdelar</p> <p>Det er viktig å få kartlagt kvar ein har originale tak, bolverksfundament, panel vindu dører osb.</p>	<p>Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen</p>	<p>Innan 2007</p>
<p>Publikasjonsliste</p> <p>Lage publikasjonsliste og database for dokumentasjon av Bryggen</p>	<p>Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen</p>	<p>Innan 2007</p>
<p>Lage ajourført oversikt over bygningane i området. Kontinuerleg oppdatere endringar i digitaliserte teikningar.</p>	<p>Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen</p>	<p>Innan 2006</p>
<p>Fullstendig protokoll over teikningar og arkiv.</p>	<p>Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen</p>	<p>Innan 2007</p>
<p>Fotodokumentasjon</p> <p>Gjere eksisterande fotodokumentasjon søkbar.</p>	<p>Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen</p>	<p>Kontinuerleg.</p>
<p>Innsamling av eldre og nyare relevant dokumentasjon om Bryggen</p>	<p>Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen</p>	<p>Kontinuerleg.</p>
<p>Innsamling av bygningsdelar.</p> <p>Det bør takast vare på eit representativt utval av bygningsdelar som blir skifta ut</p>	<p>Stiftelsen Bryggen/ Prosjekt Bryggen</p>	
<p>Utarbeide standardar for sjekklister for dokumentasjon av tiltak.</p>	<p>Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen/ Byantikvaren</p>	<p>Innan 2006</p>

3:3:3 Arkiv

MÅLSETTING:

Å opprette tilfredstillande sentralarkiv med kopi av relevant eksisterande dokumentasjon vedrørende verdskulturminnet Bryggen og i tillegg opprette eit sikringsarkiv separat frå sentralarkivet.

EKSISTERANDE ARKIV:

Dokumentasjonen vedrørende verdskulturminnet Bryggen i Bergen er i dag spreidd over fleire arkiv. Desse er:

- Bergen byarkiv, Allehelgens gate 5, 5060 Bergen
- Bergen museum, Harald Hårfagres gate 1, 5020 Bergen
- Bryggens museum, Postboks 4052 Dreggen, 5835 Bergen
- Det Hanseatiske museum, Bryggen, Finnegården, 5003 Bergen
- Statsarkivet i Bergen, Årstadveien 22, 5009 Bergen
- Stiftelsen Bryggen, Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen
- Universitetsbiblioteket i Bergen, Haakon Shetelig's plass 7, 5007 Bergen

ARKIV UTANFOR BERGEN:

- Institutt for arkitekturhistorie, NTNU, 7491 Trondheim
- Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep, 0034 Oslo

Stiftelsen Bryggen sitt arkiv inneheld ein detaljert vitskapleg dokumentasjon av store delar av verdskulturminnet Bryggen og er det einaste som har ein tilnærma komplett samling av alment tilgjengeleg dokumentasjon av Bryggen. Arkivet inneheld dokumentasjon av både Stiftelsen Bryggen sine bygningar og av dei privateigde bygningane. Bygnings, teiknings og fotoarkivet representerer store kulturhistoriske verdier.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsramme
<p>Sikkerheitskopi</p> <p>Ein kopi av all eksisterande dokumentasjon, inkludert private dokument, bør samlast i eit arkiv på Bryggen, og ein andre kopi (eller mikrofilm) skal lagrast for seg. Denne dokumentasjonen, inkludert oppmålingsteikningar og nytt fotomateriale skal systematisk leggest til slik at det etterkvart dekkjer heile kulturmiljøet.</p>	Stiftelsen Bryggen/ Prosjekt Bryggen	Innan 2007./ kontinuerleg
<p>Gjere oppmålingsteikningar tilgjengeleg i Autocad</p> <p>Studentoppmålingane frå 1940-47 er scanna og renska opp i Photoshop. Det er behov for å kunne ta i bruk dette teikningsmateriale i Autocad m.a. for å kunne teikne inn endringar direkte på dei gamle teikningane, men ikkje minst for å kunne knytte all informasjon til teikningar lagvis. I dette kan ein legge både antikvarisk og teknisk informasjon.</p>	Stiftelsen Bryggen/ Prosjekt Bryggen	Innan 2007
<p>Søkbart arkiv</p> <p>Mest mulig av basisdokumentasjonen som er nødvendig for den løpande forvaltninga må gjerast tilgjengeleg for forvaltningsapparatet og spesielt interesserte gjennom ein database med tilgang frå Internett.</p>	Stiftelsen Bryggen/ Prosjekt Bryggen	Innan 2007

3:3:4 Formidling

MÅLSETTING:

Det er viktig at Bryggen si historiske tidslinje vert gjort synleg og tilgjengeleg på ein måte som understrekar at det er summen av endringar som er med på å gje Bryggen den verdien den har i dag. Ein heilskapleg presentasjon av Bryggen vil, i tillegg til å sette den hanseatiske perioden inn sin rette kontekst, gje eit perspektiv som også inkluderer dagens brukarar og besøkande.

I artikkel 5 i UNESCO konvensjonen heiter det: “Et land som er avtalepart i denne konvensjonen, erkjenner at plikten til å identifisere, verne, bevare, formidle og overføre til fremtidige generasjoner den kultur- og naturarv som det er vist til i artikkel 1 og 2” Det er difor viktig at alle involverte partar er samde om kva som skal formidlast; kva vinkling og tilnærming ein skal ha til historia som skal presenterast. ICOMOS si grunnleggjande ved nominasjonen i 1979 skal vere retningsgjevande for dette arbeidet:

“In its present form, following the 1702 fire, Bryggen, a harmonious ancient quarter, illustrates the use of space in a quarter of Hanseatic merchants. It is a type of modern ‘fundaco’ unequalled by even Lübeck and Novogorod”.

Bryggen vart ført opp på verdsarvlista etter kriterie 3, etter “Operational guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention”, artikkel 24 (a):

(iii) bear a unique or at least exceptional testimony to a civilization or cultural tradition which has disappeared.

Formidling og presentasjon av verdskulturminnet Bryggen må skje ut frå denne overbygginga.

Eksisterande formidlingsinstitusjonar:

BRYGGENS MUSEUM

Bryggens museum er ein stiftelse som er oppretta for å fungere som formidlar av mellomalderarkeologisk materiale frå vestlandet. Museet sine samlingar av arkeologisk materiale er eigd av universitetet i Bergen (UIB) som er fagleg samarbeidspartnar. Museet har fast samarbeid med middelaldersamlinga, og med professor og hovudfagsstudent i arkeologi/middelalder ved Arkeologisk institutt, UIB.

Formidling gjennom utstillingar, omvisningar, foredrag, kåseri og andre aktivitetar stend sentralt i verksemda ved Bryggens Museum. Museet presenterer i si faste utstilling utviklinga av bygningsstrukturen på Bryggen frå dei eldste bygningane ein kjenner til frå 1100 – talet og

fram til brannen i 1702. Funn frå arkeologiske utgravingar på Bryggen vert og presentert i dei faste utstillingane. Bryggens Museum hadde i 2001 39.804 besøkande.

DET HANSEATISKE MUSEUM OG SCHØTSTUENE

Det Hanseatiske Museum har som målsetting å samle, konservere og arbeide med materiale for handel og kultur på Bryggen i Bergen. Museet sine hovudområde er historia kring det Tyske Kontor i Bergen og Det norske kontor. Museet tek, i tillegg til formidling av det hanseatiske handelsnettverket, sikte på å drive formidling av alle sider av kultur på Bryggen gjennom utstillingar, publikasjonar og opplysningsarbeid. Det er Bergen Kommune som eig Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene. Det hanseatiske Museum og Schøtstuene hadde i 1999 tilsaman 86524 besøkande.

Bryggens Museum og Hanseatisk Museum har ein felles guida tur-gjennom begge musea og Bryggen.

STIFTELSEN BRYGGEN

Stiftelsen Bryggen driv i dag omfattande formidlingsarbeid i form av midlertidig besøksenter, brosjyremateriell, bøker, omvisningar, fagseminar og liknande. Det er enno ikkje etablert eit permanent besøksenter, men det har sommaren 2003 og 2004 vore etablerte midlertidig besøksenter i Bredsgården og i Holmedalsgården. SB tek sikte på å få etablert eit permanent besøksenter på Bryggen som kan formidle Bryggens historie og Stiftelsen sitt arbeid. Stiftelsen Bryggen administrerer også guiding ved Thetamuseet.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsramme
<p>Plan for formidlingsarbeidet.</p> <p>Det må utarbeidast ein overordna plan for formidlingsarbeidet på Bryggen.</p>	Stiftelsen Bryggen / Prosjekt Bryggen	Innan 2006
<p>Permanent besøkscenter.</p> <p>Det er behov for eit permanent besøkscenter på Bryggen som i tillegg til formidling av Bryggen sin historie og tradisjon legg vekt på sikrings, bevarings og istandsettingsarbeid.</p>	Stiftelsen Bryggen	Ubestemt
<p>Felles presentasjon</p> <p>Ein må få ein samanhengande presentasjon av Bryggen som skildrar Bryggen sine verdiar, historie, forvaltning, tiltak under arbeid og hendingar.</p>	Prosjekt Bryggen / Stiftelsen Bryggen/ Alle	Innan 2006
<p>Det må setjast opp fleire skilt som gjev informasjon om Bryggen.</p>	Stiftelsen Bryggen / Prosjekt Bryggen	Ubestemt
<p>Næringsdrivande/leigetakarar må få informasjon om at dei er ein del av verdskulturminnet.</p>	Stiftelsen Bryggen / Prosjekt Bryggen	Kontinuerleg
<p>Utlån og formidling av arkivmateriale.</p> <p>Studentar, skuleelevar og forskarar har stadig behov for arkivmateriale om Bryggen</p>	Stiftelsen Bryggen / Prosjekt Bryggen	Kontinuerleg
<p>Informasjonsbrosjyrer</p> <p>Det er behov for oppdatert informasjon om arbeidet på Bryggen på fleire språk.</p>	Stiftelsen Bryggen / Prosjekt Bryggen	Innan 2006
<p>Auka bruk av Internett</p> <p>Internettsidene til Stiftelsen Bryggen må oppdaterast. Prosjekt Bryggen må få eiga nettside</p>	Stiftelsen Bryggen / Prosjekt Bryggen	Innan 2006

3:3:5 Frontareal

MÅLSETTING:

Området frå Vågen til fasadane på Bryggen skal få ei utforming som understrekar den tradisjonelle bruken av området og samanhengen mellom hamna og Verdiskulturminnet. Området må handsamast som ein integrert del av Verdiskulturminnet Bryggen.

Organiseringa av bygningsmassen på Bryggen har so lenge ein kjenner til handla om å ha tilgang til hamna, havet og verda. Dette behovet har ført til at ein har fått det bygningsmønsteret ein ser på Bryggen i dag med hus i rekkjer med passasjer mellom. Ei organisering som er tilpassa behovet for handtering av varer som skulle til og frå lager på Bryggen og båtane på Vågen.

Den mellomalderlege tradisjonen med å bygge hus i rekkjer med passasjer mellom er ikkje eineståande for Bryggen i Bergen. Dette er ein byggeskikk som vart nytta i stor utstrekning i mellomalderbyane fleire stadar i Europa der det var viktig med god plassutnytting. Eit fellestrekk med denne byggeskikken er at den har vakse fram av behovet for tilgang til eit felles område som i Bryggen sitt tilfelle var hamna og transporten av varer som føregjekk der. Dette behovet har også vore formgjevande for bygningsmønster og planlegging i Bergen utanfor det som utgjør verdiskulturminnet Bryggen i dag.

Bruken av kaiarealet på bryggen har endra seg opp gjennom historia ettersom bruken har endra seg. Den tradisjonelle bruken relatert til handel med tørrfisk og korn endra seg i 1850 åra. Transporten av varer føregjekk tradisjonelt mellom hamna og Bryggen, men mot slutten av 1800 talet endrar dette seg og vi får eit meir langsgåande trafikk-mønster. Det blir etablert skinnegang for Vossebanen som seinare blir overtatt av Bergen Sporveier. Langs fasadene vert det lagt fortau og boder og lagerrom vert etterkvart tekne i bruk som butikkar.

Tidleg på 1900 talet blir vippebommane fjerna og på 1920 talet får vi ei utviding av kaiarealet i Vågen slik som vi kjenner det i dag.

I 2003 vart bil og busstrafikk lagt ut på det utvida kaiarealet frå 1920 åra for å ta omsyn til kulturminnet og for å unngå vibrasjonar og setningar. I 2004 fekk delar av frontarealet tredekke og to restaurantar fekk etablere seg med uteservering i denne sonen.




Foto: Arild Sætre

Tiltak/retningslinjer	Ansvarleg	Tidsramme
Sikre at arealet blir forvalta som ein integrert del av Verdiskulturminnet Bryggen.	Bergen kommune / antikvariske styresmakter	Innan prøveperioden går ut. 2007
Utarbeide heilskaplege planar for området som både tek antikvariske omsyn og som integrerer Bryggen i resten av Bergen sentrum.	Bergen kommune / antikvariske styresmakter	Innan prøveperioden går ut. 2007
Alle tiltak på frontarealet må prioriterast for ei verdig oppleving og formidling av Verdiskulturminnet Bryggen.	Alle	Innan prøveperioden går ut. 2007
Ein kommunal etat må stå for drift av området i samråd med antikvariske styresmakter.	Alle	Innan prøveperioden går ut. 2007
Alle tiltak i området må ta omsyn til brannsikringa av Bryggen. Det må takast omsyn til tilkomst for brannvesenet.	Alle	Snararst

3:4 BRUK

MÅLSETTING:

Bryggen skal vere ein levande historisk bydel i Bergen sentrum. Det er viktig å hindre tap av kulturminneverdiar gjennom at einiskilde bygningar eller miljøet vert øydelagt. Det er ei utfordring å ta i bruk bygningane til føremål som ikkje forbrukar kulturverdiar, men som er tilpassa miljøet og bygningane.

Den tradisjonelle bruken av bygningane på Bryggen knytt til handel med tørrfisk er historie. Etterkvart som tørrfiskhandelen forsvann i siste del av 1800-talet, vart ein stor del av bygningane raskt tilpassa ny bruk for å tene andre behov. Dei ulike verksemdene som etterkvart tilpassa seg den nye tida må i dag sjåast som ein etablert del av tradisjonen på Bryggen.

I dag er miljøet på Bryggen ein kombinasjon av atelier, kunsthandverkutsal, serveringsstadar, forretningar og ulike kontor. Om lag 30% er framleis i bruk som lager. Denne blandinga av aktivitetar skriv seg frå konseptet “vern gjennom bruk”, som har vore filosofien bak vernearbeidet sidan byrjinga på 1960-talet. Leigeinntekter frå desse verksemdene har vore ein vesentleg bidragsytar til finansieringa av arbeidet med sikring, drift og restaurering.

Tiltak/retningsliner	Ansvarleg	Tidsramme
All bruk skal rette seg inn etter bygningane og kulturmiljøet somheilskap.	Alle	Kontinuerleg
Aktivitetar og verksemdar på Bryggen må tilpasse seg verdskulturminnet på ein måte som ikkje er med på å forbruke kulturminneverdiane.	Alle	Kontinuerleg
Det skal vere ein balanse i høve til aktivitetar på Bryggen.	Alle	Kontinuerleg
Bruk av bygningar skal ikkje øydelegge kulturminneverdiar.	Alle	Kontinuerleg
Bruk av bygningar skal vere i følgje gjeldande reguleringsplan.	Alle	Kontinuerleg
Bruk av bygningane skal tilpasse seg miljøet.	Alle	Kontinuerleg
Bruk av bygningane skal ikkje gje auka slitasje	Alle	Kontinuerleg
Bruk av bygningane skal ikkje gje auka brannfare.	Alle	Kontinuerleg

3:4:1 Turisme

MÅLSETTING:

Besøkande/turistar må få ei forståing og ei oppleving av verdiane i verdskulturminne Bryggen på ein måte som ikkje er med på å forbruke kulturminnet. Forholda skal vere lagt til rette slik at det vert eit verdig møte mellom den besøkande og verdskulturminnet.

Turisme er eit veksande og komplekst fenomen, med politiske, økonomiske, sosiale, kulturelle, utdanningsmessige, økologiske og estetiske dimensjonar. I skjæringspunktet mellom forventningane til den besøkande og verten, eller lokalsamfunnet, ligg det mange muligheter og utfordringar.

Ein har ikkje eksakte tal på kor mange som besøkjer Bryggen pr år, men ut frå tal frå Bergen reiselivslag om hotellgjestedøgn og cruiseskipbesøk er det ikkje urimeleg å tru at ein har ein stad mellom 300 000 og 400 000 besøkande på Bryggen i året.

Verdskulturminnet Bryggen er eit varemerke for Bergen. Utan at Bryggen er lagt til rette for turisme med dei fasilitetar som ein vanlegvis forventar å finne i tilknytning til slike attraksjonar, som besøkssenter/infosenter toalett osv, er det likevel ein av dei mest besøkte turistattraksjonane i byen.

Med ratifisering av UNESCO konvensjonen har Noreg påteke seg å verne, bevare og formidle dei verdiar som ligg i verdskulturminnet Bryggen. Det er ei utfordring å legge til rette for turisme på ein måte som formidlar verdskulturminnet på verdskulturminnet sine premissar samstundes som ein skal verne og bevare.

Tiltak / retningslinjer	Ansvarleg	Tidsramme
<p>Telle besøkande</p> <p>Få oversikt over kor mange besøkande det er på Bryggen pr år. Dette vil kunne danne grunnlag for ein fornuftig strategi i høve til turisme.</p>	Stiftelsen Bryggen	Innen 2006
<p>Kartlegge slitasje</p> <p>Kartlegge slitasje/forbruk av kulturminne som følgje av turime.</p>	Stiftelsen Bryggen / Prosjekt Bryggen	Innan 2006
<p>Koordinering av guidetenester</p> <p>Få oversikt over dei ulike guidetenestene som operer på Bryggen. Ei samordning av dei ulike guidane som opererer på Bryggen vil kunne gje ei kvalitetssikring av det som vert formidla.</p>	Bryggens Museum / Stiftelsen Bryggen/ Det Hanseatiske Museum	Innan 2006
<p>Opprette besøkssenter</p> <p>Opprette eit besøkssenter som er lett synleg og tilgjengeleg og som kan tilby heile det tilgjengelege spekter av publikasjonar og anna informa-</p>	sjonsstoff. Stiftelsen Bryggen/	Ubestemt
<p>Toalett for besøkande</p> <p>Det må etablerast eit toalett for besøkande som og kan fungere som handikaptoalett.</p>	Stiftelsen Bryggen/ Bryggen Private Gårdeierforum	Ubestemt

3:4:2 PARKERING

Parkering innanfor Verdkulturminnet Bryggen sine grenser må følgje parkeringsbestemmingar som er forma ut frå kulturminnets egne premissar. Det er i første rekke branntryggleiken på Bryggen som må sikrast, men og omsynet til opplevinga av Verdkulturminnet. Tilkomst for utrykkingskjøretøy skal ha høgaste prioritet når det gjeld parkering og varelevering i samband med Verdkulturminnet Bryggen. Gjeldande reguleringsbestemmingar p.t. R1 653 0000 sikrar tilkomst for utrykkingskjøretøy til Bryggestredet. I helgar og høgtider med auka "uteliv" vert det likevel registret ein del ureglementert parkering på Nikolaikirkealmenning. I vekedagane vert det og registrert parkering inne i passasjane som strekk seg utover det som kan reknast som vanleg varelevering. I gjeldande reguleringsplan §9 a) heiter det: "Bilkjøring er bare tillatt i forbindelse med vareleveranser og utrykning i henhold til de tidsbegrensninger som Bergen Politikammer setter". Unødig og ureglementert parkering innanfor Verdkulturminnet Bryggen sitt område er ikkje berre ei fare for branntryggleiken, men og eit uheldig signal til besøkande. Slik parkering vitnar om manglande respekt for dei kulturminneverdiane ein forvaltar og det er ingen tent med. I tillegg utgjær parkerte bilar inne på Verdkulturminne sitt område ein visuell uro som reduserer opplevingsverdien for besøkande.



Foto: Ann Steindal

Parkering i passasjane kan hindre utrykkingskøyrety.

Tiltak/retningslinjer	Ansvarleg	Tidsramme
Det må lagast klar og utvetydig offentleg skilting som fortel kvar og når det er lov å køyre og parkere inne på Verdkulturminnet Bryggen sitt område.	Bergen Kommune	Innan 2006
Ansvar og mynde må gjevast til ein institusjon som har muligheit til å handheve parkeringsvedtektene	Alle	Innan 2006
Det må avklarast kven som skal ha ansvaret for parkeringsvedtektene og for at desse blir etterlevd.	Alle	Innan 2006
Det må utarbeidast nye krav til parkeringsbestemmingar som er i tråd med dei behov brannvesenet har for tilkomst.	Bergen Kommune	Innan 2006
Drøfte alternativ tilkomst frå Øvregaten via Nikolaikirkealmenning.	Alle	Innan 2006

3:5 HANDLINGSPLAN

I handlingsplanen er det lista opp prosjekt og tiltak som skal vere med å hjelpe til å nå dei mål ein har sett seg i forvaltningsplanen. Lista er oppsummering av alle tiltak delt inn under vern, bevaring og formidling.

TEMA OPPGÅVE

Vern

Sikre eit varig vern av verdiskulturminnet sin karakter og miljø.

Bevaring

- a) **Å halde vedlike verdiskulturminnet på ein slik måte at dei verdi-ane ein har ikkje vert svekka eller øydelagde.**
- b) **Å ruste opp Bryggen til eit nivå som svarar til den høge statusen den har som verdiskulturminne.**

Formidling

Sikre at den universelle verdien i verdiskulturminnet Bryggen vert presentert og formidla etter UNESCO konvensjonen sine retningslinjer. Artikkel 4 og 5.

FØLGJANDE FORKORTINGAR VIL VERTE NYTTA I HANDLINGSPLANEN:

Riksantikvaren RA
Bergen Kommune BK
Stiftelsen Bryggen SB
Prosjekt Bryggen PB
Bryggen Private Gårdeierforum BPG
Bryggens Museum BM
Hanseatisk Museum HM
Hordaland Fylkeskommune HFK

Lista under inneheld ei rekkje prosjekt og tiltak som skal utførast av ulike partar både i det offentlege og i det private og er kategorisert under (K) kort, (M) mellom og (L) langtidsplanar. Prosjekt med ei tidsramme på under 24 månader vert rekna som korttidsprosjekt, mellomlange prosjekt er mellom 24 månader og 5 år og langtidsprosjekt er dei som tek 5 år eller meir. Prosjekt som er påbyrja og som ein reknar med vil halde fram på ubestemt tid er merka med (U).

Tiltaka i handlingsplanen vil ha ulik prioritet og vil bli merka med H for høg prioritet og M for lågare prioritet.

Prosjekta som er i handlingsplanlista er på ulike utviklingsstadium. For nokre av prosjekta har ein detaljerte finansieringsplanar medan i andre prosjekt er finansieringa berre omtrentleg eller ikkje ferdig utarbeidd. Finansieringsplanar er ikkje ein del av den følgjande informasjonen.

Forvaltningsplanen og handlingsplanen skal reviderast kvart tredje år for å kunne ta opp i seg nye prosjekt og endringar. Endringar i planen vil bli sendt ut med e-post i pdf format. I tillegg vil oppdatert versjon av planen bli lagt inn på Hordaland Fylkeskommune sine heimesider etterkvart som endringane skjer.



Foto: Arild Sævre

Holmedalsgården 8-a blir neste pilotprosjektet i Prosjekt Bryggen. Istandsettinga, som skal omfatte tømra fundament og veggar i første etasje, skal gje kunnskap om forholda i fronten på Bryggen.

3:5:1 Vern

MÅLSETTING:

Sikre eit varig vern av verdskulturminnet sin karakter og miljø.

Prosjekt	Ansvarleg	Tidsramme
Brannsikring	SB, PB ,BPG	K
Risikoanalyse	PB, SB	K
Brannøvingar	SB	U
Arkiv	PB, SB	M
Tilstand (setningar)	PB, SB	M
Dokumentasjon	PB, SB	M
Parkering	BK, SB	K
Kartlegging av slitasje	SB	K
Tilstandsanalyse (bygningar)	HFK, PB	K
Reguleringsplan for Vågen, kaiene og Bryggen	BK	M
Informasjon	PB, SB	U
Daglig drift og vedlikehald av fellesareal	SB	U

3:5:2 Bevaring

MÅLSETTING:

Å ruste opp Bryggen til eit nivå som svarar til den høge statusen den har som verdskulturminne.

Prosjekt	Ansvarleg	Tidsramme
Pilotprosjekt. Istandsetting av bygning 4-e i Svendsgården	PB, SB	K
Pilotprosjekt. Istandsetting av bygning 5-e i Svendsgården	PB, SB	K
Nytt pilotprosjekt i Holmedalsgården 8-a	PB, SB	M
Forsking på salt, treverk	PB, SB	K
Forsking på nedbryting av organisk materiale	PB, RA	M
Analyser og målingar av grunnvatn	PB, RA	M
Setningsmålingar	PB, RA	L
Overflatevatn	SB, PB	L
Stabilisering av grunnvatn langs spuntvegg til SAS-hotellet	RA	M

3:5:3 Formidling

MÅLSETTING:

Sikre at den universelle verdien i verdskulturminnet Bryggen vert presentert og formidla etter UNESCO konvensjonen sine retningsliner.

Artikkel 4 og 5.

Prosjekt	Ansvarleg	Tidsramme
Overordna plan for formidlingsarbeidet	SB,PB,HM,BM	M
Opprette besøkssenter	SB,PB	U
Brosjyrer med oppdatert info om prosjekt	SB, PB	U
Internett	SB, PB	K
Skilting	SB, PB	K

3:6 VEDLEGG TIL DEL 3

3:6:1 Referanseliste

Bore O, M.

"Evalueringsproblemet i kulturhistorisk vernearbeid". UIB 1985

Byantikvaren, Bergen kommune:

"Kulturminnegrunnlag for reguleringsplan Vågen, kaiene og Bryggen" 2003

Feilden, B. & Jokilehto J.

"Management Guidelines for World Cultural Heritage Sites."
ICCROM/UNESCO/ICOMOS Roma1998

Fett, H.

"Skal Norge miste Tyskebryggen". Fortidsminner.16.1938

Hansteen, H, J :

"Bryggen i Bergen, Bevaring og restaurering." Stiftelsen Bryggen 1971

Herteig, A.:

"Kongers havn og handels sete"Oslo 1969

Herteig,A.

"The buildings at Bryggen, their thopographical and chronological development."

The Bryggen Papers,

Main series, vol. 3, part 1-2, University of Bergen 1990-1991

ICOMOS 1990

"Charter for the Protection and Management of the Archeological Heritage"

ICOMOS 1999

"Cultural Tourism Charter"

ICOMOS Norway:

"Bergen wharf, World heritage convention periodic state of conservation report 1999-2000"

ICOMOS.

"Principles for the Preservation of Historic Timber Buildings." International Wood
Committee1999

Koren Wiberg, C.

"Bidrag til Bergens kulturhistorie" Det Hanseatiske Museums Skrifter 1908

Koren Wiberg, C.

"Hanseatene og Bergen" Det Hanseatiske Museums Skrifter. 1941

Koren Wiberg, C. .

"Bergens kulturhistorie." Det Hanseatiske Museums Skrifter.

Koren Wiberg, C.

"Det tyske kontor i Bergen" Det Hanseatiske Museums Skrifter

Lidén H, E.

"Fra antikvitet til kulturminne". Universitetsforlaget. 1991

Lorentzen, B:

"Gård og grunn i Bergen i middelalderen". Bergen 1952

Myklebust D:

"Verditenkning, en arbeidsmetode i bygningsvernet." FNFB 1981

UNESCO.

"Operational Guidelines for the implementation of the World Heritage Convention"1999

UNESCO.

"The Venice Charter for the Conservation and Restoration of Monuments and Sites".1964

UNESCO.

"Konvensjonen om vern av verdens kultur og naturarv" 1972

UNESCO.

"The Nara Declaration on authenticity" 1995

Wiberg, H Anderson, E. Helle, K. Trebbi, M. :

"Bryggen; Hanseatenes kontor i Bergen."

Det Hanseatiske Museums skrifter

Nr 23. Lübeck 1981